

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Möre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hjörundfjord

Emne: Vassbering.

Bygdelag: Fjordbotnen

Oppskr. av: Ingv. Viddal

Gard: Viddal

(adresse): Säbö i Sunnmöre

G.nr. 20 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle, og höyrt av andre.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Paa garden var det innlagt spring för eg kan hugse, men vassbering var vanleg naar springet fraus. Vass- aaket kallast "Hisse", og var ei reim av ler over skul- dra med eit tverrtre over magen. I reima hekk to kro- kar av jarn, feste med tau i omlag 30 cm. lengd. Dei gjekk gjennom hol i tverrtreet (i ytste endane). Var det smaa folk som bar, bruka ein aa korte opp krokane ved aa ta nokre törn med tauet, rundt treet og saa kring den parten som kom ned fraa reima. I reimendane var ein fald, og der var innfelt eit trestykke (ein pinne av eine) til aa feste tauet i. Tverrtreet hadde ein bog fraover for magen, og der var det omlag 12 - 13 cm. breitt, og saa smalna det av utetter til endane, der det var 2 - 3 cm. breitt. Tverrtreet kallast merkeleg nok for "Brengetre" (eit bringetre). Desse "hissene er i bruk paa kvar einaste bondegard den dag i dag.

Vassaak med breitt tre over skuldrane med hakk for halsen, kjenner vi godt til fraa Borgund ved Aalesund, der dei kallast "Byratre", men dei har aldri faatt inn- pass her, sikkert fordi dei er ubrukande naar ein skal smette med "mjölkefrda" i smaaskog, som ein ofte maaxx naar ein mjölkar kyrne ute.

Aa bere med desse hissene, kallst "aa bere hisseferd".

I hissene var det bruka trekrokar i gamal tid. Dei var daa alltid av eine. Dei hadde gaatt av bruk för hundreaarsskiftet, sjölv paa dei mest "gamaldagse" bruka.

Naar ein ber "hisseferd", brukar ein reima attom eine skuldra vekselvis, saa ein faar kvile litt. Saa held ein utom (attom) "bringetreet" og rundt handtaket paa byttene eller spannene som ein ber.

Det trestykket som var innsydd i reima og som tauet var fest til, kallast "knötten" eller "hisseknötten" (ein)

Vassbering i trebytter vart det slutt med etter den fyrre verdskrigen. Men naboen vaar bar vatn i trebytter til omlag 1925. Han var gamal og barnlaus, og lage bytte- ne sjölv.

Det var store tunge trebytter, som vanleg kallast "surpebytter", fordi ein laga "surpe" (sörpe) til kyrne i dei, og brynte kyrne i dei. Daa vart dei ofte ute for hard medfart av kuhovudet, og maatte vere sterke. Det var eit tungt lyft fraa baas til baas naar ein brynte.

Ein kunne sjaa ei og anna trebytta no under denne krigen og, daa det var saa vanskeleg aa faa tak i sink- bytter.

2

2. Kar med stong gjennom to öyrer til vassbering er ukjent her. Heller ikkje vart mjölk bore i slike kar. Mjölk vart fraa avsidesliggjande smøtrar klövja i to avlange trekar som kallast "strokke" (ei). Og til 1914 omlag, vart all mjölk bora i nokre trebytter med fast lok paa. Dei kallast "sponse", (spunse) og hadde eit rundt laust lok i loket, og det kallast "sponseholet og sponseloket". Det slo ein daa mjölka ut og inn av. Dei var laga slik for at mjölka ikkje skulle skole over. I loket var og eit lite hol med ein liten nabb i. Det var for aa ta ut luft. Slike "sponser" er ikkje i bruk no, og dei som fanst att, er sende til Sunnmøre museum.

3. Vasstransport paa ei ski har ikkje vore bruka her.

4. Der det var karar heime, var det vanleg at husbanden bar vatnet, men elles var det ingen regel med det. Dei bar dei som kunne, og det var ikkje noko utprega tenararbeid.

Kanskje var det vanlegare at tenestgjenta bar vatn enn drengen, men det kom helst av at han hadde "viktigare" arbeid aa gjere, for vassbering vart rekna for "diltarbeid".

5. Der dei endaa ber vatn, er det oftast kona som ber, og difor tek karane det ikkje saa nöye med innlegging av vatn. Det er helst smaabruka som ikkje har innlagt vatn, for dei som har stor buskap maa ha vatn i fjöset.

6. Vinterstida frys ofte vatnet bort, og daa vert det helst köyrt paa slede til gards. Det er karane som det gjer. Sumarstida vert vatnet ikkje köyrt, for dei som ikkje har vatn innlagt, har alltid ei elv eller ei oppkome like ved husa.

7. Nett i desse dagar har vi gaatt rundt til alle gardar og fyllt ut skjema for dei som har innlagt vatn og for dei som ikkje har. Vi har talt opp krinsvis, og i min skulekrins er det 35 som har, og 9 som ikkje har innlagt vatn. Talet paa dei som ikkje har, har eg bedt om aa faa av ordföraren, saa det skal kome saman med neste svar.

I vinter fraus vatnet bort som det ikkje har gjort i manns minne. Vi fekk det fyrst att den 16. juni, etter at det hadde vore borte sidan den 16. februar. Av heile hovudbygda (Bondalen) var det berre 5 bruk som hadde vatnet. Resten, kring 90 bruk, miste vatnet.

For nokre bruk er det vanleg at vatnet frys ein bolk hardaste vinteren, men ikkje som i aar. Det kom av at det ikkje var snö paa marka, og difor fraus telen til ei djupt paa 1,35 m paa kyrkjegarden som ligg like ved sjöen.

Paa garden Viddal har alle havt vatn i fjös og kjöken etter 1920. För var det 3 som hadde berre i fjös.

Elles er det rekna for likesäle og slurv aa ikkje ha innlagt vatn i husa.

Ein kan gaa ut fraa som sikkert at det er kvinnfolka som maa bere vatnet der det ikkje er innlagt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 643  
BYGDØY